



Saksframlegg

Temaplan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv 2025-2032

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ungdomsrådet		
Frivilligsentralstyret		
Hovudutvalet for plan og miljø		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Formannskapet		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har kommunestyret.

Dokument i saka:

Temaplan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv 2025-2032

Innspel frå medverknadsprosessen

Handlingsprogram – uprioritert

Liste over høyringsinstansar

Høyringssvar frå:

Birtedalen sti og løypelag

Fyresdal ungdomsråd

Fyresdal frivilligsentral sitt styre

Telemark fylkeskommune

Vedlegg

- 1 Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032 etter høyring februar 2025
- 2 Liste høyringsinstansar
- 3 Høyringsuttale - temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv
- 4 Innspel til temaplan for kulturbygg_ idrett og friluftsliv.pdf
- 5 Uttale frå Fyresdal ungdomsråd
- 6 Referat styremøte i Fyresdal Frivilligsentral - høyringssvar plan for kulturbygg idrett og friluftsliv 2025-2032
- 7 Referat Styremøte i Fyresdal Frivilligsentral 14.01.2025.docx
- 8 Høyringssvar frå Telemark fylkeskommune - Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv - 2026-2032 - Fyresdal kommune.PDF
- 9 Temaplan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv 2025-2032

Vedlegg

1. Handlingsprogram
2. Liste høyringsinstansar
3. Temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv 2025-2032
4. Birtedalen sti- og løypelag – høyringssvar

5. Fyresdal ungdomsråd - høyringssvar
6. Fyresdal frivilligsentral sitt styre - høyringssvar
7. Telemark fylkeskommune - høyringssvar

Bakgrunn for saka:

Gjeldande plan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv gjekk ut i 2022. Dette var ein delkommuneplan, heimla i plan og bygningslova. Dispensasjon for bruk av gjeldande plan fram til 2025 er gitt av kommunestyret. Det er no laga ein ny plan med verknad frå 2025 til 2032. Det er ikkje lenger krav om at det må vere delkommuneplan, og Fyresdal kommune har då vald å ha ein temaplan for kulturbygg, idrett og friluftsliv.

Dette er ein åtteårig temaplan for kulturbygg idrett og friluftsliv. Den består av ein tekstdel, og ein handlingsdel med hovudsatsingsområde og tiltak. Den skal vere eit strategisk plandokument som leggjast til grunn for vidare planlegging innan feltet kulturbygg, idrett og friluftsliv for politikarar og administrasjon i kommunen, men og for lag, organisasjonar og engasjerte innbyggjarar. Formålet med planen er å samordne og ha ein heilskapleg tilnærming til arbeid knytt til kulturbygg, idrett og friluftsliv.

Planen skal og vere eit verktøy for prioritering og legg grunnlag for å søkje spelemidlar til kulturbygg, idrett- og friluftsanlegg. I føresegnene til søknadsprosess om spelemidlar er det ein føresetnad at ordinære anlegg må inngå i ein kommunal vedtatt plan. Det må vedtakast eit fireårige prioritert handlingsprogram som skal rullerast kvart år i kommunestyret, dette ligg som vedlegg til planen. Denne rulleringa skjer kvar haust.

Fyresdal kommune har folkehelse som eit gjennomgåande tema i tenester og utviklingsområda. Med dette som utgangspunkt, blir prioritering og anleggsplanlegging i dette feltet særst viktig.

Arbeidet med planen starta opp våren 2024. Det har vore omfattande medverknadsprosess, med folkemøte, møter i ungdomsråd og idrettsråd mellom anna.

Arbeidsgruppa består av:

Kommunalsjef kultur og oppvekst	Liv Johre Bakke
Barnas representant	Liv Johre Bakke
Idrettsrådet	Kristine Berthelsen
Politisk representant OKO utvalet	Henning Barlund
Dagleg leiar frivilligsentralen	Anne-Lise Greivstad
Avdelingsleiar kultur	Hilde Martini Momrak (sekretær)

Arbeidsgruppa valde å dele inn i fire hovudsatsingsområder slik:

Satsingsområde og tiltak 2025-2032

Hovudsatsingsområde 1:

Vi skal ha fleire møteplassar med uorganisert aktivitet

Fysisk aktivitet er viktig, og vi ser at dei unge i større grad vel uorganisert aktivitet som er tilgjengeleg når det passar dei, framfor anna aktivitet. Slike møteplassar har ofte eit sosialt aspekt, og kan vere gode arenaer for inkludering, kor fleire kan vere med.

Hovudsatsingsområde 2:

Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar

Det å styrke det frivillige arbeidet og dyrke eldsjeler, er viktig for Fyresdal. Lag og organisasjonar strevar med rekruttering til verv og liknande, så det er ynskjeleg å stimulere til å drifte dei laga ein har godt, og stø opp om det gode arbeidet som gjerast.

Hovudsatsingsområde 3:

Friluftsliv for alle:

Å legge til rette på aktivitet i friluft veit vi er bra for folkehelsa, både fysisk og psykisk. Å legge til rette for arenaer for inkludering og involvering for fleire på tvers av samfunnslag er ynskjeleg, fleire skal med!

Hovudsatsingsområde 4:

Meir bruk og fleirbruk av nye og eksisterande kulturbygg, idrett og friluftsanlegg:

Det er gjort ein god satsing over år på anlegg og kulturbygg i Fyresdal, så vidare hovudsatsing er fleir- og meirbruk på eksisterande anlegg. Nokon nybygg og planlagde anlegg er tidlegare omtalt og vil kome fram i tiltakslista.

Tiltaka er lagt inn under dei forskjellige hovudsatsingsområda.

Generelt:

Arbeidsgruppa ynskjer å presisere at planen har eit overordna og langsiktig perspektiv, og at tiltaka er tekne med på bakgrunn av innspel og drøftingar. Handlingsprogrammet blir rullert og vedtatt av kommunestyret kvar haust. Ved denne planen ligg handlingsprogrammet som blei vedtatt i kommunestyret 16.12.2024. Når handlingsprogrammet skal rullerast hausten 2025, blir tiltaka vurdert med bakgrunn i denne nye planen.

Dersom det ikkje er økonomi eller ynskje til å gjennomføre alle tiltaka i den rekkefylgje som kjem fram, er det likevel eit klart ynskje om at tiltaka skal stå i planen.

Planen skal ha eit overordna og langsiktig perspektiv, og må vere noko å strekkje seg mot.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035;

Strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige:

- Legge til rette for å skape gode bustader og nærmiljø
- Støtte opp innbyggjarar med initiativ og drivkraft som vil utvikle tilbod
- Jobbe for ei meningsfull fritid for alle
- Legg til rette for møteplassar
- Stimulere til frivillig arbeid

Kommunane er pålagd å ha planer for kulturbygg, idrett og friluftsliv. Planen skal vere eit viktig styringsverktøy for fagområdet, og vere grunnlag for søknadar om spelemidlar.

Saka blei handsama i PM utvalet i november 2024, og blei sendt på høyring med høyringsfrist 15.01.2025.

Det har kome fire høyringssvar, desse er frå:

Birtedalen sti og løypelag
Fyresdal ungdomsråd
Fyresdal frivilligsentral sitt styre
Telemark fylkeskommune

Arbeidsgruppa har i etterkant drøfta innspela og endra planforslaget i høve dei innspela som kom, der arbeidsgruppa meinte det var rett.

Fleire av tilbakemeldingane i innspela er at planen er god, og at det er ein god samanheng mellom satsingsområde og sentrale planar og styringsdokument generelt.

Alle uttalene ligg som vedlegg i saka. Nedanfor blir endringsforslaga som ligg i uttalene kommentert, med kommentar om kva som eventuelt er endra i planforslaget som fylgje av uttala.

Birtedalen sti- og løypelag:

Verkemiddel: Ynskjer det skal vere kolonne for verkemiddel i tabell for satsingsområde, til dømes tilskotsordningar.

Arbeidsgruppa ynskjer ikkje det, men vil føye til i planen at Fyresdal kommune har tilgang til tilskotsportalen, og at alle lag og organisasjonar og tilsette i kommunen, har full tilgang der, sjå side 11 fjerde avsnitt.

Spelemidlar:

Birtedalen sti- og løypelag ynskjer meir aktivitet og ynskjer tilgang på spelemiddelordninga. Dei har i fleire år prøvd å få til eit samarbeid med kommunen, kor kommunen står som medsøkjjar og samarbeidspartner, noko kommunestyret har avslått. Dei visar til kommuneplanen sin samfunnsdel, og meiner at måla der stør opp om arbeidet dei gjer og at kommunen bør samarbeide i større grad.

Arbeidsgruppa meiner dette står i planforslaget under hovudsatsingsområde 3, side 13. Der er Birtedalen omtalt som satsingsområde, og at Fyresdal kommune saman med fleire har eit ansvar. I det ligg moglegheit for samarbeid på fleire plan i dei åtte åra som kjem.

Auke tilskot til oppkøyring av skiløyper:

Arbeidsgruppa er eining, og legg til eit ekstra tiltak under Hovudsatsingsområde 2: Styrke arbeidet i frivillige lag og organisasjonar, side 13:

Auke tilskot til løypekøyring med ansvar Fyresdal kommune.

Dagsturhytta:

Birtedalen sti og løypelag meiner Dagsturhytta bør ligge i Birtedalen.

Arbeidsgruppa: Lokalisering av Dagsturhytta i Fyresdal kjem ved seinare høve og i anna sak.

Ungdomsrådet:

Hovudsatsingsområde 4 – dusj og garderobar i idrettshallen.

Ungdomsrådet meiner det ikkje er naudsynt å prioritere dette no, det er tilstrekkeleg tilbod med dusj og garderobar som kan nyttast i symjehallen. Styret i Frivilligsentralen har og sagt at dei meiner at dusj og garderobar i idrettshallen bør strykast.

Arbeidsgruppa: I dette ligg det så mykje politikk at ein vel å la det stå i planforslaget, så er det opp til politikarane å eventuelt ta det vekk.

Generelt: Ungdomsrådet ynskjer at ein skal prioritere å legge til rette for skiløyper, skileik og akebakkar sentrumsnært, og stimulere frivillige til å køyre opp løyper der det er mogleg. Det er generelt viktig å prioritere fleire oppkøyrte skiløyper i heile kommunen.

Arbeidsgruppa: Dette står i planen som uprioriterte ynskjer frå medverknadsprosessen.

Frivilligsentralen kan jobbe med dette tiltaket, og vi flyttar det opp til prioritert under hovudsatsingsområde 3, side 15.

Styret i Frivilligsentralen:

Idrettsanlegg side 6 i planen; som nemnt tidlegare ynskjer styret i Frivilligsentralen å fjerne at det er naudsynt med garderobe og dusjanlegg i idrettshallen.

Arbeidsgruppa: Meiner det same som under ungdomsrådet:

Arbeidsgruppa: I dette ligg det så mykje politikk at ein vel å la det stå i planforslaget, så er det opp til politikarane å eventuelt ta det vekk.

Snoscooterkøyring på avgrensa område på ein lovleg måte:

Arbeidsgruppa: Dette er pr. i dag ikkje lovleg. Fyresdal kommune har ved tidlegare høve jobba for å få til ei slik løysing, men det har ikkje latt seg gjennomføre. Arbeidsgruppa ynskjer ikkje fremje eit slikt forslag i planen.

Friluftsliv: Dei ynskjer fleire sentrumsnære friluftsområde med skibakkar, skiløyper, dagsturhytte med meir, og har konkrete framlegg til løyper.

Frivilligsentralen kan jobbe med dette tiltaket, og vi flyttar det opp til priorintert under hovudsatsingsområd 3, side 15.

Birtedalen: Styret er og positive til det som skjer i Birtedalen, og ynskjer at kommunen skal vere ein samarbeidspartner der. Dei er og positive til at det setjast opp buss frå sentrum til Birtedalen.

Arbeidsgruppa, det står allereie i framlegget at kommunen bør vere ein samarbeidspartner, men ikkje spesifikt om kva.

Toalett Stykkjevika:

Styret meiner at inntil det er avklart kva som skal skje i Stykkjevika, bør kommunen ta ansvar og gjere eksisterande utedoar litt meir presentable.

Arbeidsgruppa: Einig i framlegg, legg det inn som nytt tiltak under hovudsatsingsområde 3.

Telemark fylkeskommune

Dei påpeikar at Fyresdal kommune må bruke planen som eit styringsdokument, og at den blir viktig i samband med kommuneplanen sin arealdel, for å sikre areal til friluftsmål.

Hamaren: Dei meiner at Hamaren og Tretoppvegen er eit så stort anlegg og satsingsområde i Fyresdal, og at det bør kome fram i planen korleis ein tenker å drifte vidare og eventuelt vidareutvikle.

Arbeidsgruppa: Einig, legg det inn om nytt tiltak under hovudsatsingsområde 3.

Tiltak frå førre plan: Fylkeskommunen meiner og at nokre av tiltaka i førre plan som ikkje vart gjennomført bør vidareførast i ny plan, t.d. leggje til rette gode badestrender med tilgjenge til toalett.

Arbeidsgruppa: Dette er bare delvis gjennomført, og viktig å ta med vidare med tanke på kommunen sitt kjøp av Stykkjevika framtidig bruk av denne. Føye til som uprioritert tiltak, under hovudsatsingsområde 3.

Fleirbruk eksisterande bygg: Saknar konkrete tiltak på korleis dette kan løysast i planperioden og kva rolle kommunen skal ha. Nemner spesielt grendehusa.

Arbeidsgruppa: Fyresdal kommune har godt oversyn over bruk av grendehusa, det blei gjort ein kartlegging for nokre år tilbake som resulterte i sal av eit grendehus.

Når det gjeld bruk av egne hus, jobbar ein allereie med meir brukarvenlege løysingar for booking og oversikt på idrettshall, kulturhus og symjehall, lurt å ha det med som tiltak underhovudsatsingsområde 4.

Konklusjon:

Ovanfor nemnte endringar er tatt med i planforslaget, og ein meiner planen no kan vedtakast slik den ligg føre.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Temaplan for kulturbygg, idrett- og friluftsliv 2025-2032 blir vedtatt slik den ligg føre.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur